

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/15	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	10.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Torbjørn Helgeland	14/708

## 29/63 - Hamre - Søknad om løyve til tiltak - oppgradering og utviding av molo - klage

### Vedlegg:

klage hamre

129/63 - Hamre - Søknad om løyve til tiltak - oppføring av steinkai - søknad om dispensasjon

### RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Søknad om dispensasjon til oppføring av kai vert ikkje handsama før kystsoneplanen er godkjend, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 1. ledd, jf. § 1-6."

### Plan- og kommunalteknisk utval - 072/15

#### PL - behandling:

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje."

#### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg - 3 røyster (3AP)

Atle Solberg sitt framlegg - 2 røyster (1H,1FRP)

#### PL - vedtak:

"Søknad om dispensasjon til oppføring av kai vert ikkje handsama før kystsoneplanen er godkjend, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 1. ledd, jf. § 1-6."

#### Saksopplysningar:

##### Saksopplysningar:

Klagar: Ivar og Randi Birkeland, Haukedalsbrotet 140, 5113 Tertnes.

Klage motteke: 28.04.2015.

##### Bakgrunn:

Saka gjeld søknad om dispensasjon til oppføring av steinkai då tidlegare ikkje omsøkt kai har rasa saman. Plan- og kommunalteknisk utval gjorde fylgjande vedtak i møte 18.03.2015 saksnr. 028/15: "Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7 til bygging av kai på 2,0 x 9,0 meter på gnr. 129 bnr. 63, Hamre, jf. plan- og bygningslova § 19-2

*vert ikkje innvilga. Saka vert å vurderer på nytt når Kommunedelplan for sjø og strandsona er behandla."*

**Vurdering:**

Klagen har kome nokre dagar for seint, men vert likevel lagt fram for utvalet til handsaming, jf. forvaltningslova § 31, 1. ledd bokstav b. Vedtak av 18.03.2015 saksnr. 028/15 har ein noko uklar ordlyd. Det er både gjeve avslag til dispensasjon og samstundes vedteke at saka skal handsamast på nytt. Klagar tolkar i brev motteke 28.04.2015 at det er gjeve avslag på søknaden til tross for positiv innstilling frå rådmannen. Det vert synt til motteken klage. Klagar peikar på at det alt er ein kai inntil omsøkt kai som opprinneleg vart gjeve avslag på, men som fylkesmannen gav løyve til etter klagehandsaming.

Ved gjennomgong av nabosaka ser ein at Fylkesmannen i Hordaland fyrst påklaga kommunen sitt positive vedtak, men etter å ha motteke fleire opplysningar trekte klagen. Kommunen sitt vedtak vart då gjeldande.

Kommunen held på med utarbeiding av ny kystsoneplan. Rådmannen vurderer at søknader som vedrører kystsoneplanen og vanskeleggjer planarbeidet kan kommunen utsetja handsaminga av, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 1. ledd.

Slik rådmannen forstår vedtaket av 18.03.2015 saksnr. 028/15, har utvalet meint at dispensasjonssøknaden ikkje skal handsamast før kystsoneplanen er vedteken. Dette går etter rådmannen si vurdering ikkje klart fram av vedtaket. Rådmannen vurderer difor å tilrå at klagen ikkje vert teken til fylgje, men at utvalet gjer eit eintydig vedtak.

**Konklusjon:**

Utvalet har ikkje vore eintydige på kva dei meiner i vedtak av 18.03.2015 saksnr. 028/15. Vedtaket bør lyda:

"Søknad om dispensasjon til oppføring av kai vert ikkje handsama før kystsoneplanen er godkjend, jf. plan- og bygningslova § 13-1, 1. ledd, jf. § 1-6."